

A.B.C.D. (art. beach. creation. debris.) er eit initiativ for å engasjere og lære om korleis plastikk forureinar vårt marine miljø, gjennom eit kunstnarisk samarbeid. Profesjonelle kunstnarar samarbeider med Bømlo Kunstlag, skular og andre lag ved å byggje ein skulpturell installasjon. Gjennom ulike kortkurs og aktivitetar opne for heile lokalsamfunnet, er fokuset på kor essensiell eit sunt hav er for alt anna liv.

Kunstnarane Elizabeth Roberts frå Oregon, USA, Janne Robberstad og Jan Willy Folgerø-Holm frå Bømlo, Norge, samarbeider med Bømlo kunstlag i dette tverrfaglege prosjektet. Fokuset er på hav-forureining, effekten på det maritime livet, og ikkje minst kva me kan gjera for å snu denne effekten. Me organiserer ei stor søppeloppyrdding langs kystlinja vår, der me samlar alt bross, vaskar og sorterar det og brukar det som råmateriale i ein stor-skala skulptur av eit havdyr/fugl/fisk. I tilknytning til dette arbeidet vert det organisert ei rekkje kortkurs som vil foregå i august 2017.

Kunstlaget og dei lokale kunstnarane vil starta prosjektet med å organisera oppryddingsarbeidet. Andre lag og organisasjonar er invitert til samarbeid og kan levera oppsamla søppel ved ein avtalt gard for sortering og preparering. Når Elizabeth kjem, arrangerer me helgekurs for frivillige entusiastar og representantar frå deltakande lag, slik at folk har mulighet til å vera med i den praktiske og kreative prosessen. Kunstnarane vert kjernen i det estetiske arbeidet, for å sikre den kunstnariske kvaliteten i skulpturen. Sjølve installasjonen skal stå nær ei av dei mest populære badestrendene på Bømlo, og vil slik verte ei kunstnarisk påminning om heilskapen i økosystemet. Me jobbar aktivt for å få til eit fagleg samarbeid med skuleverket.

For å kvalitetssikre læringa om plastforureining i havet, har me invitert marinbiolog Magnus Svendsen Nerheim til å halda eit foredrag i Bømlo Kulturhus. Me vil og arbeide tatt saman med naturfagslærarane i skulane på Bømlo, for å knyte folk til prosjektet og prosjektet til folk. Elizabeth vil vera i Norge i 5 veker. Deler av denne tida vitjar ho seasickfish.no sitt prosjekt i Stavanger med Tania Nyberg, der ho vil ha eit tilsvarande, litt kortare kurs.